

## **FYLKESBIBLIOTEKET 2006**

Fylkesbiblioteket er eit lovfesta fylkeskommunalt organ som har til oppgåve å utvikle og supplere bibliotekdrifta i fylket. I Hordaland skjer dette gjennom ulike verkemiddel som rådgjeving, opplæring, tilskiping av kurs og konferansar, initiering og deltaking i kommunale utviklingstiltak, planarbeid og utlånsverksemd via bokbåt og fjernlånsavdeling.

I tillegg til biblioteklova er fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland styrande for arbeidet. Fylkesdelplan for åra 2002-2005 blei vedteken i fylkestinget i oktober 2002. Det overordna målet for planen er at biblioteka i Hordaland skal fungere som eit effektivt og samordna nettverk der brukarane sine behov for formidling og tilrettelegging av informasjon skal stå i sentrum. Verksemda skal ha høg kvalitet og gi eit tilbod til alle ved å femne om ålmenn folkeopplysning, utdanningsretta tenester og kultur.

I februar/mars handsama fylkespolitikarane eit opplegg for revisjon og val av saksordførar for ny fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland. Meininga var å starte arbeidet i mars med sikte på politisk slutthandsaming i august 2007. Fylkestinget vedtok at arbeidet med planen ikkje skulle starte før etter at bibliotekutgreiinga var lagt fram. Gjeldande bibliotekplan blei difor forlenga til ny plan er vedtatt, og i løpet av 2006 er fleire av tiltaka i planen vidareutvikle og avslutta.

Det var i 2006 10 (8,7)\* årsverk på fylkesbiblioteket. To årsverk var tilknytt fjernlånsverksemda med arbeidsplass i leigde lokale på Bergen off. bibliotek.

### **Utviklingsoppgåver**

Gjennom fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005 er fylkesbiblioteket ein aktiv utviklingsaktør. Dei viktigaste prosjekta i 2006 har vore:

#### **Bibliotek i vidaregåande skole**

”Strategisk handlingsplan for skolebibliotek i vidaregåande skolar i Hordaland 2004-2010” har vore førande og gitt rammer for all aktivitet innan dette feltet. Det treårige Prosjekt modellbibliotek, på Os vgs., blei avslutta i juni 2006. Sluttrapporten er trykt som brosjyre. Det er elles tilsett skolebibliotekarar i 100% stillingar på Laksevåg, Os og Årstad vgs. og koordinator for skolebiblioteka med arbeidsplass på fylkesbiblioteket. Det er etablert ei ressursgruppe som arbeider med vidare utvikling, basert på praksis.

I løpet av året er alle bibliotekatalogane slått saman til ein felles webbasert database i Mikromarc. Koordinatoren arbeider med kvalitetssikring av databasen. Fire skolar har nytta tilbodet frå Biblioteksentralen om bokpakker med nye bøker, utvalde for vidaregåande skole. Fire skolar starta utprøving av Atekst, Aftenposten sitt interaktive arkiv, med aktiv formidling.

Budsjettframlegg om fleire bibliotekarstillingar førte til 1,2 mill. kr i påplussing på budsjettet for 2007. Det er gjennomført fleire informasjonstiltak internt og eksternt om planarbeidet. Mellom anna fekk Opplærings- og helseutvalet melding om status for handlingsplanen på novembermøtet.

Kunnskapsløftet har gitt 191.000 kr til kompetanseutvikling innan skolebibliotek. Det er gjennomført to tredagars kurs i MM2 for 28 skolebibliotekarar. To av fem dagsamlingar i kurset ”Skolebiblioteket – morgendagens læringscenter” er gjennomført med ein til to deltakarar frå 20 skolar. Kurset legg stor vekt på nye, digitale verktøy og øvingsoppgåver mellom samlingane.

Mange skular har fått besøk og praktisk hjelp, til dømes med oppstart av felles bibliotekatalog.

---

\* tal frå 2005 står i parentes

## **Bibliotekplan for Nordhordland**

Fylkesbiblioteksjefen tok hausten 2005 mot oppdrag frå Regionrådet Nordhordland IKS å lage bibliotekplan for dei åtte samarbeidande biblioteka i regionen. Planarbeidet er organisert i tett samarbeid med biblioteksjefane. Den vil bli presentert på møte med kvar einskild kommune før endeleg framlegging for regionrådet i april/mai 2006. Planen blei vedteken i Regionrådet 5.mai 2006.

## **Digital og Sosial 2.0**

Hausten 2006 starta den første delen av ei vidareføring av den nasjonale satsinga Digital og Sosial frå 2004. I Digital og Sosial 2.0 har 92 deltakarar vore med på eit opplegg med introduksjonskonferanse og verkstader om korleis vi kan forme og tilby bibliotekressursar på nettet i framtida.

Fylkesbiblioteket har fått kr. 66 625,- i støtte frå ABMU til vidareføringa som er eit samarbeid med Thomas Brevik og SIKT (Norsk bibliotekforening si spesialgruppe for IKT). Satsinga har vore med på å setje dagsorden for bibliotekdebatten om nye digitale tenester i biblioteka.

Bloggen for Digital og Sosial 2.0; <http://www.digitalogsosial.no/>

## **Eldreveven**

Eldreveven som nasjonal nettstad og kreativ møteplass for eldre blei lansert 1. juni 2006 [www.eldreveven.no](http://www.eldreveven.no). Lanseringa fekk omtale i BA og NRK Hordaland, og blei også tatt opp på film. Nettstaden er Kulturnett Norge si satsing på eldre, og det blei søkt om nye utviklingsmidlar frå ABMU, Kulturnett Norge, hausten 2006. Måla med nettstaden er å presentere kreative bidrag av eldre i heile landet, og vere eit tilbod på nettet for eldre og andre som er interesserte i eldre sine ressursar.

## **Gi rom for lesing**

Gi rom for lesing er ein femårig (2003-2007) nasjonal strategi og tiltaksplan for å stimulere elevar til leselyst og lesekunnskap. Fylkesbiblioteket har over fleire år fått midlar til å gi elevar og lærarar ulike tilbod gjennom denne ordninga. Hovudvekta i 2006 har vore førebuing og utvikling av kurs i nyare litteratur for lærarar i ungdoms- og vidaregåande skular og bibliotekarar. Kursa blir haldne våren 2007, og mange påmeldte viser at det er eit ønske hjå lærarar om slike kurs. Kurset for ungdomstrinnet blir arrangert i samarbeid mellom fylkesbiblioteket, fylkesmannen, kursregionane og Den kulturelle skolesekken. Tilbodet til vidaregåande skole er eit samarbeid mellom fylkesbiblioteket og Utdanningsforbundet, med støtte av Kunnskapsløftet.

## **”Hordalandsbilete”**

Sidan våren 2005 har fylkesbiblioteket vore involvert i prosjektet ”Digitalt og lokalt” der fylkesarkivet, fylkesbiblioteket og ei rekkje kommunar i Sunnhordland gjekk saman om å byggje opp ein regional modell for digital formidling og lokal forvaltning av fotomateriale. I 2006 blei prosjekt ”Digitalt og lokalt” til ”Hordalandsbilete”. I prosjektet blir registreringsarbeidet gjort lokalt under leiing av kvalifisert personale med kompetanse på elektronisk registrering og nasjonale faglege standardar.

I 2006 bleit det løyvd fylkeskommunale midlar til ei vidareutvikling og utviding av prosjektet. I det nye prosjektet ”Hordalandsbilder” vil Kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen gå saman med arkiv, bibliotek, musé, frivillige organisasjonar og kommunar i Hordaland for å gjere fylket sin fotografiske kulturarv lettare tilgjengeleg gjennom ein felles internettportal.

## **Kulturnett Hordaland**

Fylkesbiblioteket samarbeider med Kulturnett Hordaland om vidareutvikling av webbaserte tenester lokalt og i det nasjonale nettverket av Kulturnett. Fylkesbiblioteket har ansvar for oppdateringa av tema bibliotek på Kulturnett Hordaland, med brukarretta informasjon om tenestetilbodet i biblioteka i Hordaland og elles.

## **Samsøk for folkebiblioteka i Hordaland**

Som ein del av arbeidet med utviklinga av lånesamarbeid mellom biblioteka i Hordaland har Hordaland fylkesbibliotek gått til innkjøp av og sett opp eit samsøk for folkebiblioteka i Hordaland.

For at bibliotek skal vere tilgjengeleg i samsøket er det eit krav om at det må ha basen sin søkbar på Internett og at den er søkbar via z39.50. Ved årsskiftet er 22 av 33 folkebibliotek søkbare i samsøket.

### **Transportordning**

Fylkesbiblioteket har saman med Bergen Off. Bibliotek og universitets- og høgskolebiblioteka i Bergen inngått samarbeid om ei transportordning mellom biblioteka i fylket. I prøveperioden frå 15.august - 31.desember 2006 har ordninga omfatta 10 kommunar (Askøy, Fjell, Masfjorden, Meland, Modalen, Fedje, Austrheim, Lindås, Osterøy og Radøy), og alle folkebiblioteka i Hordaland har fått tilbod om transport av fjernlånsbøker frå 01.januar 2007.

## **Driftsoppgåver**

### **Fjernlån**

Fjernlånstenesta mottok 11965 (13225) bestillingar frå andre bibliotek. Berre 31 (51) tingingar blei sende vidare til andre. Det vil seie at biblioteka i aukande grad nyttar Internett til å sjekke om bøkene dei treng finst i fellessamlingane til fylkesbiblioteket og Bergen off. bibliotek. Det blei lånt ut 11 792 (12 732) einingar frå fellessamlinga.

### **Omlegging av fjernlånstenesta**

Frå 01.01.2007 skal fylkesbiblioteket kjøpe det praktiske arbeidet med fjernlån frå Bergen Off. Bibliotek. Tenestene omfattar mottak og effektivering av tingingar frå bibliotek, framhenting og utsending, påplassetting ved retur og sortering av materiale som blir distribuert mellom biblioteka i samband med transportordninga. I avtalen ligg det ein garanti om at tingingar som er motteke ein kvardag før kl 12.00, skal effektuerast same arbeidsdag.

Fylkesbiblioteket betaler også vederlag for at fagavdelingane på BOB skal svare på referansespørsmål frå biblioteka i Hordaland.

### **Bokbåten 2006**

Bokbåtenesta er eit samarbeidstiltak mellom fylkeskommunane i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Bokbåten Epos er eit svært populært bibliotek- og kulturtilbod i kyst- og fjordområda i Hordaland.

Bokbåten hadde 40 driftsdagar i 2006, og 52 stopp fordelt på 21 kommunar blei vitja to gonger. I 2006 blei eit stopp nedlagt og 4 nye stopp kom til. Det blei lånt ut 25.919 einingar (23.506), 17.968 til barn, 7.471 til vaksne og 480 lydbøker, inkludert utlån frå bokdepota som bokbåten set igjen på stoppa for vidareutlån mellom kvart besøk. Talmaterialet syner ei fin auke i utlånet, særleg har utlånet til barn auka.

Det var 78 kulturprogram på bokbåten i 2006, med eit samla publikumstal på 2.455 (1.917) Kulturprogram i år har vore forteljar, songar og seglskutemann Håkon Vatle, Klovn Knut, og forfattar Roald Kaldestad. Kulturprogrammet om bord er eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken i Hordaland. I tillegg blir det støtta av Folkeakademiet i Hordaland.

Dei tre fylkesbiblioteka samarbeider om Bokbåtklubben. Medlemsbladet for klubben, "Bokbåtbladet", blir sendt ut til ca 1500 barn i grunnskolen i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Bladet kjem i eit opplag på 2200 (600 for Hordaland).

### **Rettleiingsteneste, møte, kurs og opplæring**

Det blei skipa til 14 ulike kurs og konferansar. Av dette var to nasjonale konferansar; ein bibliotekpolitisk konferanse i samarbeid med Rogaland fylkesbibliotek, og ein om digitale bibliotekressursar i framtida i samarbeid med ABM-u og fleire. Det har vore fleire kurs og møte i samband med lesestimuleringstiltak. Det var om lag 619 deltakarar på desse arrangementa. Eit samarbeid mellom vestlandsfylka gjer det mogleg for bibliotektilsette i Hordaland å delta på kurs i regi av fylkesbiblioteka i dei andre fylka, når dei har ledig kapasitet. Bibliotektilsette i Rogaland har deltatt på kurs i Hordaland i 2006.

Fylkesbiblioteket gjennomførte om lag 13 (20) møte med kommunane i Hordaland i løpet av året. Oppgåvene har variert frå rein bibliotekteknisk rettleiing til spørsmål om organisering av samarbeid mellom folke- og skolebibliotek, nye biblioteklokale og drøfting av nye roller og oppgåver for folkebiblioteka. Den nye biblioteksjefen i Jondal blei vitja.

17 kommunar i Hordaland har biblioteknettstader på webhotell drifta av Hordaland fylkeskommune ved IT-seksjonen. Fylkesbiblioteket gir opplæring i redigering og utvikling av nettstadene, og tilbyr hjelp til jamlege oppdateringar av nettstadene.

I 2006 publiserte fylkesbiblioteket tre utgåver av Meldingsbladet Emneord i trykt og webbasert utgåve. Nettstaden til fylkesbiblioteket <http://www.hordaland.no/fylkesbibl/> blei aktivt brukt i rettleiing og kommunikasjon med kommunane og andre samarbeidspartnarar (3,5 nyheiter i snitt i månaden) og blei utvikla vidare med nye temasider.

### **Klassesett**

Fylkesbiblioteket låner ut klassesett til grunnskular i fylket utanom Bergen. Det blei lånt ut 171 (58) sett, i alt 2470 (685) bøker. I tillegg blei det lånt ut 47 andre medier.